

Første båtane på plass ved ny flytebryggje.

08.10.2014



Dei første 3 båtane er på plass ved den nye flytebryggja.

Den nye flytebryggja i båthamna til Uskedal båtlag kom på plass tirsdag i sist veke. Arbeidet gjekk heilt etter planen, og dei 3 første båtane har alt funne plassen sin ved den nye bryggja som har kosta om lag 1 million kroner. Den gamle måtte skiftast ut pga rustskadar etter 30 års teneste.

Leiar i Uskedal Båtlag, Trond L. Myklebust, er svært godt fornøgd ved at den nye flytebryggja no er på plass.
- Det er godt å gå hausten og vinteren i møte og vite at vi har trygge og gode hamneplasser, seier han.

Den nye flytebryggja er akkurat lik den som var der tidlegare, men den er litt lengre.
- Det gjev muligheter for å få litt fleire båtplasser, fortel båtlagsleiaren, kor mange det vert, vil verte avgjort på årsmøtet. Han seier også at flytebryggja vil verte trekt litt lengre ut når den vert tilpassa ny landgang. Derfor bør ein ikkje fylla opp med båtar før det er gjort.

Det er ikkje tvil om at hamna har fått i solid kvalitetsoppjustering og ei flott ansiktløfting gjennom den nødvendige investeringa.



Den nye flytebryggja, sett frå Sandakaien, sikrar gode og trygge hamneforhold gjennom hausten og vinteren.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.